



Saksframlegg

Kommunestrukturprosess - vurderingar og vedtak Gulen kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
048/16	Kommunestyret	22.06.2016

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Utsende saksdokument

Rapport Eigenvurdering Gulen kommune - hausten 2015
Kommunereforma og grensejusteringar - informasjon til kommunane
Til folkemøta - evaluering av dei 3 alternativna

Ikkje utsende saksdokument

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - heimesider
- Kommunereforma.no – regjeringa si heimeside om kommunereforma
- Rettleiar vegen mot ein ny kommune
- Utgreiingsverktøyet NY KOMMUNE
- Lokaldemokratiretleiar
- Formelle rammer i bygging av nye kommunar
- Rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar i samband med kommunereforma
- Økonomiske verkemiddel
- Kriteria for god kommunestruktur
- Meldingar, proposisjonar og brev frå storting, regjeringa, statsråd og departement:
- Meldingsdel i kommuneproposisjonen for 2015
- Kommuneproposisjonen for 2015
- Kommuneproposisjonen for 2016
- Kommuneproposisjonen for 2017
- Melding om nye oppgåver til større kommunar
- Oppdragsbrev frå KMD til fylkesmennene
- Invitasjon til kommunane om å delta i reformprosessen
- Vidare arbeid med kommunereforma – brev frå kommunal- og moderniseringsministeren

- K.sak 29/16 Kommunestrukturprosess i Gulen kommune - godkjenning av avtalar som grunnlag for folkeavrøysting
- K.sak 17/16 Kommunereforma. Høyring av framforhandla intensjonsavtalar
- K.sak 78/15 Vedtak om vidare arbeid i kommunestrukturprosess - intensjonsavtale mellom Gulen, Solund og Masfjorden kommunar
- K.sak 45/15 Orientering om kommunestrukturprosess i Gulen kommune. - status i arbeidet pr. juni 2015
- K.sak 11/15 Gjennomføring av kommunereforma i Gulen kommune
- Samfunnsdel av kommuneplanen for Gulen kommune - revisjon av samfunnsdel for perioden 2012-2024

Bakgrunn for saka

Alle kommunar i landet skal innan utgangen av juni 2016 ta stilling til om ein vil slå seg saman med andre kommunar, eller halda fram som eigen kommune.

For meir informasjon om bakgrunn for reforma viser ein til www.kommunereforma.no – regjeringa si heimeside om kommunereforma.

For faktainformasjon om folketal og demografi viser ein til SSB si heimeside <http://ssb.no/offentlig-sektor/kommunetall/kommunetabeller>

Administrasjonen si eigenvurdering er å finne som vedlegg til denne saka.

Saksvurdering og konklusjon

Kommunereformprosessen i Gulen kommune starta hausten 2014.

Det har sidan januar 2015 vore arbeidd intensivt med vurderingar og naboprat.

Gulen kommune har arbeidd med 3 alternativ:

1. Gulen (som i dag)
2. Gulen/Masfjorden (+ Solund i tidleg fase)
3. Nordhordland/Gulen

Dette arbeidet førte fram til 2 signerte intensjonsavtalar:

Nordhordland, signert 01.03.16

Gulen – Masfjorden, signert 18.04.16

Undervegs i prosessen vart det lagt vekt på brei involvering av innbyggjarane. Det vart i perioden gjennomført 8 bygdemøter – (2 i kvar grend), innbyggjarundersøking (juni 2015) og folkerøysting (mai 2016).

Infoposten - den kommunale informasjonsavisa som går ut til alle husstandane hadde fortløpande informasjon om prosessen. Intensjonsavtalane gjekk i si heilheit ut som vedlegg til Infoposten.

Folkerøysting vart gjennomført måndag den 23.05.16. Det vart røysta over alle 3 alternativ.

Resultat av folkerøystinga vart som følgjer:

Tal røyster totalt: 1109 58 % av dei røysteføre.

FOLKERØYSTING OM KOMMUNESAMASLÅING 23.05.16	Tal røyster	% av avgitte røyster
Alternativ 1: Eg vil at Gulen skal halde fram som eigen kommune	628	57
Alternativ 2: Eg vil at Gulen skal slå seg saman med Masfjorden	284	26
Alternativ 3: Eg vil at Gulen skal slå seg saman med Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy	194	17
Blanke røyster	3	-

Samla vurdering frå rådmannen:

Det har vore gjennomført ein grundig og god prosess. Ingen av oss sit på fasiten om kva utvikling som vil skje i Gulen og omverda dei neste 20-30 åra.

Vurdering av kriteria for god kommunestruktur / samfunnsmessige omsyn sett i samanheng med kommunen sine ulike roller:

Tenesteytar/Myndigheitsutøver – Gode og likeverdige tenester

Gulen kommune yter gode kommunale tenester med høg brukartilfredsheit. Brukarane opplever gjennomgåande stor grad av kontinuitet i personellsituasjonen.

I periodar slit vi med å rekruttere til fagstillingar. Pr. i dag har vi underdekning på sjukepleiarar, pedagogisk personell i barnehage og fagpersonell til arbeidet med psykisk utviklingshemma.

Generalistprinsippet kan vere utfordrande for små kommunar. Gulen kommune skal løyse dei same oppgåvene som dei største bykommunane.

Det kjem stadig nye reformar og det er større fokus på rettighetsfesting innan pleie og omsorg. Døme på dette ser vi i samhandlingsreforma, i helse- og omsorgstenestelova og lov om folkehelse, der det er sett nye krav og standardar.

Det vert generelt sett kravd meir og breiare kompetanse, i tillegg til meir spisskompetanse på enkelte felt. Dei ulike faga er vorte meir komplekse og det krev meir ressursar. Det er ikkje lett å imøtekomme alle krava for ein liten kommune.

Det er avgjerande at spesialiserte tenester og funksjonar kan dekkast gjennom interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid er eit godt verkemiddel men det krev også mykje. Vert bruken av interkommunalt samarbeid for omfattande vert det ikkje samla effektivitet i organiseringa. Auka bruk av interkommunalt samarbeid kan utfordre den demokratiske styringa av tenestene. Så langt har ikkje dette vore sett på som ei problemstilling for Gulen kommune.

Samfunnsutviklar – Heilskapleg og samordna

Gulen kommune reviderte samfunnsplanen i 2014.

Hovudføre mål og utfordringar: Samfunnsdelen skal ha fokus på

- Busetnad / kommunale tenester
- Infrastruktur / næringsliv
- Barn og unge / Kultur

Det er sterkt fokus på at vi tek heile kommunen i bruk. Vi opplever sterk identitet i bygdene, aktivt kulturliv og utbredt dugnadsånd.

«Gulatinget» - er eit unikt kulturminne som kommunen har særskild fokus på.

Gulen kommune har eit funksjonelt, variert og godt næringsliv.

Eit av dei viktigast reidskapa for å få god samfunnsutvikling er at plandokumenta til kommunen er ajour. Her har Gulen kommune v/planavdelinga gjort ein god jobb. Kommunen jobbar aktivt for å tilrettelegge for rask og god hjelp til næringslivet.

Gulen kommune er del av eit større bu- og arbeidsområde.

På Regjeringa si side <http://www.nykommune.no/> kan ein ved å slå Gulen «saman med» nabokommunar sjå pendlarmønster mellom kommunane.

Gulen kommune ligg på grensa til Hordaland med Masfjorden som næraste nabo. Store deler av industrimiljøet i Gulen ligg ved Fensfjordbassenget. På andre sida av fjorden har vi Mongstad med vertskommunar Austrheim og Lindås. Det er krevjande å få til ei heilskapleg / samordna planlegging og tilrettelegging rundt Fensfjordbassenget.

Gulen kommune har økonomisk handlefridom til å kunne prioriterer investeringsprosjekt som t.d. utvikling av kommunale bustadfelt. I meir bynære kommunar tek marknaden seg av slike utbyggingar.

Lokaldemokratisk arena – Styrka lokaldemokrati

I Gulen opplever innbyggjarane at det er kort veg til den politiske leiinga. Det inneber god moglegheit for reell påverknad. Det er stort politisk engasjement, og nær sagt rullering på «plikt» til å delta i lokalpolitikken.

Det er 21 medlemmer i kommunestyret og 5 i formannskapet, alle grender er representert.

Økonomisk robust kommune

Gulen kommune har ordna økonomi med låg gjeldsbelastning. Kommunen har gått med overskot dei 10 siste åra. Likevel opplever vi trongare rammer t.d. som fylgje av nye oppgåver innan pleie og omsorg, då særleg ressurskrevjande brukarar.

I det nye inntektssystemet vert Gulen kommune definert som «ufrivilleg» liten, og får såleis full utteljing på særskilde tilskot som småkommunetilskot og basistilskot. Regjeringa kjem med framlegg om å endre vekting av kostnadsnøklane for kriterie som distrikt og nabo slik at Gulen kommune likevel kjem ut med om lag 3 millionar årleg i tap som fylgje av omlegging av inntektssystemet. Omlegginga vert innført gradvis over nokre år.

Den negative utviklinga gjennom nytt inntektssystem kan slik det no ser ut i framtida kompenseras med m.a. - nye midlar frå eit havbruksfond og - eigeidomsatt frå ny gassrørleidning til Mongstad.

Det er vanskeleg å konkludere med sikkerheit korleis den økonomiske framtida vert for Gulen kommune. Pr. i dag er situasjonen ok, og slik det kan sjå ut no vil nye inntektskjelder kunne avhjelpe effekten av omlegging av inntektssystemet. Omlegginga vert ikkje påverka av om kommunen seier ja eller nei til å slå seg saman med nabokommunar.

Økonomien kan difor ikkje leggast avgjerande vekt på i vurderinga av om ein ynskjer å slå seg saman med andre kommunar.

—

I starten av kommunereformprosessen definerte vi at den overordna målsetjinga med utgreiingane og drøftingane var å få svar på fylgjande spørsmål:

Vil Gulen kommune ved å slå seg saman med andre kommunar på ein betre måte enn i dag kunne oppfylle ekspertutvalet sine 10 kriterier for god kommunestruktur ?

Rådmannen er etter ei samla vurderinga landa på at svaret på det spørsmålet er ja.

Vurderinga bygger m.a. på fylgjande argument:

- så lenge generalistprinsippet vert ståande er det og vil verte meir krevjande å drive ein liten kommune som Gulen
- heilskapleg og samordna samfunnsplanlegging bør skje i eit større felles bu- og arbeidsområde. Kommunegrenser medfører i mange samanhenger ei unødvendig sperre for effektiv organisering, gode prosjekt og god samordna utvikling
- dersom samanslåing skjer med næraste nabokommune/ -kommunane (likeverdige) vil ein kunne effektivisere noko, behalde smådriftsfordeler samstundes som ein vil kunne styrke fagmiljøet. Vert den nye kommunen for stor og/eller får folketalsmessige skeivheiter misser ein nærheita og smådriftsfordelene.

Så er sjølv sagt rådmannen godt kjend med resultatet av folkerøystinga i eigen kommune og i nabokommunar. Tilhøva ligg difor ikkje tilrette for at det kan gjennomførast samanslåing på det noverande tidspunkt.

Etter rådmannen si vurdering bør Gulen kommune likevel ha eit langsiktig mål om å få til ein framtidig ny kommune i lag med næraste nabokommune/-ar.

Politisk nivå i Gulen kommune har lagt til grunn at dei vil respektere resultatet av folkerøystinga. Det var ynskje om eit klart svar frå innbyggjarane og innbyggarane har gjeve sitt svar. Det er likevel viktig at kommunestyret gjer ei sjølvstendig vurdering av situasjonen. Kommunestyret kjenner situasjonen til kommunen betre enn den einskilde innbyggar.

Det ser no ut til at kommunen fortset som eigen kommune. Det er då viktig at det vert gjort ei grundig vurdering av Gulen - KVA NO ? Korleis skal vi løyse dei framtidige utfordringane? Korleis skal vi samhandle med nabokommunar som slår

seg saman / ikkje slår seg saman ? Korleis ivareta demokratisk styring ved auka bruk av samarbeid / nye interkommunale organisasjonsformar?

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak

1. Gulen kommune held fram som eigen kommune
2. Formannskapet får i oppdrag å gjere ei nærare vurdering av Gulen – KVA NO? Ei utgreiing av saka vert lagt fram for kommunestyret i samband med behandling av budsjettet for 2017

Behandling i Kommunestyret 22.06.2016

Nytt framlegg til vedtak frå Høgre v/ Ivar Eide (1)

«Kommunestrukturprosess- vurderingar og vedtak i Gulen kommune.

Gulen kommune ynskjer samanslåing med kommunane som vedtek dette i Nordhordaland».

Røysting

Framlegg (1) frå Høgre ble nedstemt med 16 mot 5 stemmer (alle frå Høgre).

Nytt framlegg til vedtak frå Høgre v/ Ivar Eide (2)

«Kommunestrukturprosess - vurderingar og vedtak i Gulen Kommune.

1. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting i Gulen og Masfjorden, blir Gulen førebels ståande som eigen kommune.
2. Gulen kommune søker departementet om å bli ein del av noverande Hordaland fylke innan 2020 dersom ikkje regionreforma opnar for det.
3. Formannskapet +Krf får i oppdrag å gjere et nærmare vurdering av Gulen-KVA NO? Ei utgreiing av saka vert lagt fram for kommunestyre i samband med budsjettet for 2017.»

Røysting

Røysting over framlegg frå Høgre pkt 1 mot framlegg frå administrasjonen pkt. 1: Administrasjonen sitt framlegg vart vedteke med 16 mot 5 stemmer (alle frå Høgre).

Røysting over framlegg frå Høgre punkt 2: Forslaget til vedtak vart nedstemt med 16 mot 5 stemmer (alle frå Høgre).

Røysting over framlegg frå Høgre punkt 3 mot framlegg frå administrasjonen punkt 2: Framlegg til Høgre vart vedteke med 18 mot 3 stemmar (Rolf D. Midtun (SP), Johnny Langvatn (SP) og Hallvard Oppedal (SP)).

Alle framlegg slik dei vart bestemt vart røysta over som eit framlegg til vedtak. Dette vart samrøystes.

Vedtak KOM-048/16

1. Gulen kommune held fram som eigen kommune.
2. Formannskapet og Kristeleg folkeparti får i oppdrag å gjere et nærmare vurdering av Gulen-KVA NO? Ei utgreiing av saka vert lagt fram for kommunestyre i samband med budsjettet for 2017.

